



Tingvoll, 7.10.2021

Sandøy energi as
firmapost@sandoyenergi.no

SPØRSMÅL OM NATURUNDERSØKINGAR

Vi ser av oppslag i Romsdals Budstikke at det er til vurdering å vidareføre vindkraftverket på Harøya.

Sidan det for 25 år sidan var mykje mindre merksemd rundt kva vindkraftverk har av påverknad på naturen rundt, vil det vere nødvendig å gjere nye naturundersøkingar no, før det kan kome på tale med vidareføringa av konsesjonen.

Vi ønskjer å få opplyst frå dykk kva som er gjort av slike undersøkingar sidan de fekk konsesjonen. Vidare om de t.d. har gjort observasjonar av fuglar og andre artar som har kome til skade eller har blitt påverka av anlegget. Vidare om det har skjedd endringar i myrområde der det blei bygd vegar i samband med anlegget.

Vi viser til miljøinformasjonslova når det gjeld spørsmåla over.

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har avtala arbeidsdeling, slik at vindkraftspørsmål i tidlegare Sandøy kommune blir handsama inntil vidare av fylkeslaget.

Med helsing

Øystein Folden